



Vedtekter for barnehagane i Vang



Yvonne Mæland

05.05.2021



Innholdsfortegnelse

Side | 1

Eigar	2
Lover og	2
retningslinjer	2
Formål.....	2
Innhald.....	3
Samarbeidsutval	4
Foreldreråd.....	4
Foreldremøte.....	4
Samtalegrupper	4
Foreldrerepresentant i opptaksutval	5
Opptaksutval	5
Opptak	5
Oppseiing.....	7
Frammøte.....	8
Betaling.....	8
Opningstid	10
Barnehageåret.....	10
Mat	11
Klede.....	12
Ansvar	12
Forsikring.....	12
Årsplan.....	12
Internkontroll	13
Arealutnytting.....	13
Teieplikt	13
Bemanningsnorm	13
Politiattest	14
Opplysningsplikt	14
Endring av vedtekter	15

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE

Revidert og godkjent av Hovudutval for levekår:

Administrativt endra punkt 9,12,21: 08.05.2019

Revidert og godkjent av HUL: Endring av punkt 9: 05.05.2021

Side | 2

Eigar

1.

Vang kommune er eigar og står for drifta av Øye, Fredheim, Åsvang og Høre barnehage. Etter vedtak i kommunestyret, sak 36/04 er eigaransvaret delegert til **hovudutval for levekår**.

Lover og
retningslinjer

2.

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, forskrifter og retningslinjer som til ei kvar tid blir fastsett av vedkomande departement, vedtak i kommunestyre og hovudutval for levekår.

Formål

3.

Formålsparagrafen i barnehagelova skal leggjast til grunn for drifta av dei kommunale barnehagane.

Barnehagane skal sikre barna gode utviklings- og arbeidstilhøve i nær forståing og samarbeid med heimane.

Barnehagane skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i fråsegn om menneskerettane.

4.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal gje barn moglegheit for leik, livsutfolding, meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Barnehagen skal ta omsyn til barna sin alder og til funksjonsnivå og kjønn. Vidare skal barnehagen ta omsyn til sosial-, etnisk- og kulturell bakgrunn.

Barnehagen skal formidle verdiar, kultur, gje rom for barna sin eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen skal stimulere nysgjerrigheit, kreativitet og kunnskapstrang og vidare gje utfordringar med utgangspunkt i interesser, kunnskap og ferdigheit. Barnehagen skal ha ein helsefremjande og ein førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale skilnadar. Departementet fastset rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gje retningsliner for barnehagane sitt innhald og oppgåver.

Eigar av barnehagane kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold m.a. vektlegge lokal kultur og bruk av nynorsk.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvala godkjenne årsplan for den pedagogiske verksemda.

Samarbeidsutval **5.**

Side | 4

Samarbeidsutvalet for kvar barnehage skal ha følgjande samansetting: to foreldrerepresentantar, to tilsette og to frå eigarrepresentantar (politikarar). Styrar fungera som sekretær for samarbeidsutvalet, og er fast medlem. Samarbeidsutvalet skal minimum ha to møter kvart barnehageår, eit på hausten og eit på våren.

Foreldreråd
Foreldremøte
Samtalegrupper

6.

Foreldrerådet er foreldre/føresette til barna i barnehagen, og held møte etter behov. Leiaren i foreldrerådet blir vald på foreldrerådsmøte om våren, og har ansvar for å kalle inn til møte.

Foreldremøte er ei meir uformell kontaktform.

Foreldremøte blir arrangert av barnehagepersonalet, og er i hovudsak eit informasjons- og kontaktmøte mellom barnehagen og foreldra. Det bør haldast 2 foreldremøte kvart år.

Foreldre/føresette kan skipa samtalegrupper. Dette bør takast opp på fyrste foreldremøte om hausten. Møta skal vera opne for alle føresette, og dei kan bruke barnehagelokala. Møta finn elles si eiga form.

Foreldrerepresentant i opptaksutval

7.

Foreldre/føresette har ein representant i opptaksutvalet.

Side | 5

Opptaksutval

8.

Opptak vert gjort av opptaksutvalet. Her sit: helsesyster, repr. frå barnehagemyndigheiten, styrar og leiaren i samarbeidsutvalet. Styrar har stemmerett.

Opptaksutvalet legg fram resultatet til orientering i HL. Klage på opptak vert endeleg avklart i hovudutval for levekår.

Opptak

9.

Det er eitt hovudopptak som gjeld for heile barnehageåret. Barnehageåret startar 20. august. Søknadsfrist er 1.februar. Det blir annonsert i lokalavisa og på heimesidene til Vang kommune. Søkjaren nyttar fastsett skjema, som ein finn på Vang kommune sine heimesider. Det er også høve til å søkje om plass i barnehagen gjennom heile året, og barnet får plass dersom det ikkje utløyser ekstra bemanning.

Ein skal sikre barnehagetilbod til barn i kommunen under opplæringspliktig alder (§§8 og 12 a) og gjennom samordna opptaksprosess sikre likebehandling ved opptak.

Ein får tildelt plass i barnehagen barnet soknar til. Grindaheim og Øye får i hovudsak plass i Fredheim barnehage, og Åsvang, Ryfoss og Høre får i hovudsak plass i Høre barnehage.

Etter særskild søknad og individuell vurdering kan ein få plass i annan barnehage. Opptak av barn blir gjort på følgjande grunnlag i prioritert rekkefølge:

Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ein sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.

Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

I tillegg skal det leggjast vekt på:

- Barn av aleineforsørgjar/vekependlar
- Barn av føresette der begge er yrkesaktive eller under utdanning.
- Spesielle behov knytte til familiesituasjonen, som butilhøve, vilkår for leik, trafikkfarlege leikeområde, eller andre vanskelege tilhøve.
- Av pedagogiske og sosiale grunnar må det takast omsyn til alder, sysken og samansetjing av grupper.

Nedre aldersgrense til barnehageplass er i hovudsak 1 år. Ved inntak av barn før fylte 1 år skal det vere individuell vurdering i samsvar med eit av punkta ovanfor.

Eventuell klage på vedtak må rettast til Hovudutval for levekår.

Barn som allereie er tekne opp i barnehagen, skal sikrast eit tilbod på minimum 2 dagar for neste barnehageår.

Det skal vera 18 plassar i kvar avdeling. Der det er spesielle vanskar i gruppene skal det i samråd med pedagogisk- psykologisk teneste vurderast ekstra bemanning, evt. mindre grupper.

Det må vere minimum 3 barn som har søkt plass kvar dag for å halde barnehagen open. Med få barn påmelde i feriar kan barnehagen stå fritt til å tilby redusert opplegg desse dagane.

Dei som treng 5-dagars plass, men ikkje kan få det i den lokale avdelinga, får tilbod i ei anna avdeling.

Det året barnet fyller 3 år vil det telle for 2 plassar fram til 15. august og etter det for 1 plass. Øvre grense for talet på barn blir rekna ut frå arealnorm på den enkelte avdeling. Sjå punkt 21.

Eigenmelding om helsetilstand til barnet må leverast på fastsett skjema før barnet tek til i barnehagen.

Opningstid i barnehagane er basert på antall barn som søker plass. Ein konsekvens av få barn kan vere redusert opningstid. Dette får ein oversikt over, etter søknadsfristen 1.februar.

Oppseiing

10.

Dersom eit barn skal slutte i løpet av året, må det sendast skriftleg melding til barnehagen seinast den

1. i månaden før barnet skal takast ut. Det er ordinær foreldrebetaling i oppseiingstida.

Ved oppseiing/ending av alternativ gjeld dei same reglane som ved oppseiing elles.

Barn som utan grunn er mykje borte, kan måtte avgje plassen til andre som står på venteliste.

Side | 8

Frammøte

11.

Barn som har fått plass, bør møte regelfast.

Ved fråvær må barnehagen varslast. Barn som p.g.a. sjukdom ikkje kan følgje rutinane i barnehage, skal haldast heime. Ved tvil avgjer styrar.

Ved for sein henting blir det kravd eit gebyr på 100,- kr pr. på begynt kvarter.

Særskild misbruk av hentetida fører til bot. Ein får fyrst ein munnleg åtvaring frå barnehagen, i neste omgang ei bot på 500,- kr. Særleg misbruk av hentetid er over 4 gongar per år.

Det er høve til å kjøpe enkeltdagar. Barnehagane vurderer i kvart tilfelle om dei har kapasitet. Dette gjeld i utgangspunktet berre dei ungane som går i barnehagen.

Betaling

12.

Blir fastsett i samsvar med gjeldande forskrifter om foreldrebetaling i barnehage. Desse omhandlar, maksimalpris, deltidstilbod og moderasjonsordningar.

For søskenmoderasjon gjeld: 30 % reduksjon for det andre barnet, 50 % for det tredje og eventuelt fleire.

Innkrevjing av betaling for enkeltdagar blir gjort saman med vanleg foreldrebetaling.

Foreldrebetaling må skje innan fastsett tid. Dersom betaling manglar etter vanleg innkrevjingsprosedyre, lyt foreldre inn til samtale med barnehageeigar for å finne ei løysing som er til barnets beste.

Dersom eit barn er borte 2 veker eller meir grunna sjukdom eller andre særskilde årsaker, kan føresette søkje om fritak for betaling. Betalingsfritak blir innvilga av barnehageeigar.

Betaling for skuleåret: betalingsfri frå skuleslutt, heile juli og heile august.

Betaling for heilårsopen barnehage: betalingsfri i juli.

Inntektsgradert foreldrebetaling

Regjeringa har innført ei nasjonal ordning, som skal sikre at ingen hushald skal betale meir enn 6 prosent av skattepliktig kapital- og personinntekt for ein barnehageplass. Det utgjer ei samla inntekt som er lågare enn 583.650 kr (pr. 1.august 2021), Ordninga med reduksjon i foreldrebetaling er regulert i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Gratis kjernetid

Alle 2,3, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushald som har ei samla inntekt på mindre enn 583.650 kr (pr. 1.august 2021), har rett til å få 20 timar gratis opphald i barnehage per veke. Ordninga følgjer barnehageåret, og gjeld frå hausten då barnet har to år igjen til skulestart.

Det er kommunen som har ansvar for begge ordningane, men endringane i forskrifta omfattar både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Ordningane er søknadsbaserte. Søknadsskjema finn du på kommunen sine heimesider.

Side | 10

Opningstid

13.

Kommunen tilbyr 2,3,4 eller 5 dagars plass.

Opningstid: Måndag- fredag frå 7.15-16.45*

Opphaldstid i barnehage vert rekna til 9,5 timar kvar dag, sjølv om foreldre ikkje nyttar heile dagen.

Avdelingane har høve til å utvide opningstida mellombels dersom det er behov.

*det kan verte reduserte opningstider i barnehagen, dette finn du informasjon om på heimesida til Vang kommune.

Barnehageåret

14.

Barnehageåret startar 20. august.

Vang kommune tilbyr to ulike alternativ:

Alt 1. Skuleår (fri alle skuleferiar)

Alt 2. Heilårsope.

Alle barn skal ha 4 veker ferie pr. barnehageår. Av disse skal minst tre veker leggjast til perioden 1.mai til 20. august.

Side | 11

Det vert felles sommarbarnehage dei to fyste vekene i juli på Fredheim, for alle barnehagebarn i Vang, med kjent personale.

Alle barnehagane i Vang er stengt dei to siste vekene i juli.

Plassering av den siste ferieveka på sommaren må meldast skrifteleg til barnehagen **innan 1. mai.**

Raude dagar gjeld ikkje som feriedag for borna.

(Dette gjeld «inneklemd» dagar, som for eksempel Kr. himmelfartsdag).

Juleferie/påskeferie:

Barnehagen er stengd i jule- og påskeveka. Dette blir rekna som den fjerde ferieveka for barna.

Det er i tillegg 6 planleggingsdagar. Desse er lagt til grunnskulen sine planleggingsdagar.

Mat

15.

Den einskilde avdeling i samråd med foreldra avgjer om det skal kjøpast inn tørrmat, mjølk og frukt, og om det skal serverast frukost og/eller formiddagsmat. Foreldra betalar i tilfelle dei reelle utgiftene.

Pris på måltid vert regulert etter konsumpris indeks.

Klede

16.

Alle klede og sko skal vera ordentleg merkte. Barna skal ha med innesko og ekstra klede etter vêrtilhøve. Barna skal ha med eit skift i barnehagen.

Ansvar

17.

Foreldra har ansvar for barna til dei er overlate til personalet om morgonen. Personalet har ansvar for barna til foreldra hentar dei. Dette gjeld dersom ikkje anna er avtala.

Personalet har ikkje ansvar for leiker som barna har med seg.

Forsikring

18.

Kommunen teiknar ansvars- og ulykkesforsikring som gjeld den tida barna er i barnehagen.

Årsplan

19.

Styraren har ansvar for å utarbeide årsplan, og avdelinga deler den ut til dei føresette.

Årsplanen skal vise til ordningar av praktisk karakter og seia noko om ulike pedagogiske satsingsområde for kvar avdeling. Det skal vera eit hovudmål å tilpasse innhaldet til lokalmiljø, lokal kultur og tradisjon.

Internkontroll**20.**

Barnehagane skal ha eit internkontrollsystem i samsvar med forskrifter heimla i gjeldande lovverk. Det skal vere etablert rutinar og sjekklister for faste sjekkrunder og dagleg ettersyn. Det skal vere utarbeidd

handlingsplan i tilfelle ulukker, og personalinstruks med felles reglar for tilsynet. Årsmeldinga skal innehalde punkt om internkontroll.

Side | 13

Arealutnytting**21.**

Ved utrekning av leike- og opphaldsareal skal rettleiande norm på 4 m² pr barn over 3 år leggjast til grunn, og 5,33 m² pr barn under 3 år.

Arealutrekninga tek utgangspunkt i dei romma som faktisk står til disposisjon for barna sine aktivitetar.

Øye har 99 m² leike- og opphaldsareal, Åsvang 95 m², Fredheim 246,6 m² og Høre 355,1 m²

Teieplikt**22.**

Barnehagepersonalet, repr. i samarbeidsutval og hovudutval har teieplikt etter § 13 i forvaltningslova.

Bemanningsnorm**23.**

I forskrift om bemanning står det i §1: der barna er i barnehagen seks timar eller meir skal det min. vere ein pedagog pr. 7 barn når barna er under 3 år og ein pedagog pr. 14 barn når barna er over 3 år. Inkludert assistentar/fagarbeidarar skal vaksentettheita vere

minimum ein vaksen pr. 6. barn over 3 år og ein vaksen pr. 3. barn under tre år. Ved eventuelle dispensasjonar frå utdanningskravet for styrar og for pedagogisk leiar, syner vi til §§ 17 og 18 i barnehagelova.

Politiattest

24.

Barnehagelova § 19 første ledd: Alle som skal tilsetjast fast eller mellombels i Vang barnehage skal legge fram politiattest som nemnd i politiregisterlova § 39 første ledd.

Barnehagelova § 19 andre ledd: Det same kravet gjeld for andre personar som regelmessig oppheld seg i barnehagen eller har vesentleg påverknad på barnehagen si drift.

Opplysningsplikt

25.

25.1

Utan hinder av taushetsplikt jmf. Forvaltningslova § 13, skal barnehagepersonalet av eige tiltak gje opplysningar til barneverntjenesta når det er grunn til å tru at eit born blir mishandla i heimen eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt. Lov om barnehagar § 22

25.2 Etter pålegg frå dei organ som er ansvarleg for gjennomføring av Lov om barnevernstenester pliktar barnehagepersonalet å gje slike opplysningar. Opplysningane skal normalt opplyst av styrer.

Endring av vedtekter

26.

Når det vert endringar i vedtektene, som er av stor betydning for foreldra, skal foreldre ha informasjon om desse endringane.

Barnehageeigar lagar eit forslag som vert sendt til HL på høyring. Etter høyringsrunde i HL vert forslaga frå barnehageeigar sendt til høyring hjå foreldrerep. Etter å ha motteke høyringsinnspel frå foreldrerep. vert det endelege forslaget til vedtektsendringar lagt fram for HL, som fattar vedta i saka.